

Haustkonsert med 3 kor

15.11.2011



Rosendal Songlag syng i Aktivitetshuset i Uskedalen for stutt tid sidan (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag, 26. november arrangerer Rosendal Songlag konsert i Rosendal Samfunnshus. Denne gongen er Røysterett for alle og Tyssedalskoret gjestekor. Dette er tre ulike kor: Tyssedalskoret er eit stort kor med 60 medlemmer, Røysterett for alle telca. 30 og Rosendal Songlag har 20 songarar for tida. Klang og song vil difor bli ulik



Røysterett for alle syng i Aktivitetshuset (Foto: Ola Matti Mathisen)

Røysterett for alle med dirigent Maria Malmsten treng ikkje nærare presentasjon, men er imponerande aktive for tida med

fleirekonsertar og ny CD-plate like om hjørna.
Programmet deira denne kvelden er variert: litt humoristisk,
litt frå Blix-konserten i Uskedalskyrkja og litt julestoff.
Tysedalskoret med dirigent Eldbjørg Furholt har stor variasjon i
repertoar og musikalske oppgaver. Dei syng alt frå folketonar,
Beatles, Bach, Abba, gospel, jul mm.
Dei representerer og tar musikalske oppdrag i lokalsamfunnet.
Dei reiser og har fleire CD - produksjonar på merittlista.

På denne konserten har dei variert stoff med ein del kjenningar i friske
versjonar, mellom anna "Don` t worry, be happy" og "King of the road".

Rosendal Songlag, også med Maria som dirigent (som for øvrig
lovar at ho gler seg og vil vera i kjempeslag under konserten) vil
syngja litt irsk, litt renessansemusikk og smakebitar frå årets juleprogram.

Konserten blir avslutta med fellesnummeret: "Før du går" der
både tekst og melodi er av Kaare Skaala.

Av Astrid Eikeland